

MØTEBOK ODDA FJELLSTYRE

Tidspunkt: onsdag 7. mars 2018 kl. 1800

Stad: Joker Skarsmo

Desse møtte: Eivind Tokheim, John Helge Rasmussen, Mariann Nordstoga Berge, Bjørn Buer (vara for Britha Sandal) og Ørjan Angell.

Meldt forfall: Britha Sandal

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær),

Saker til styremøtet:

OFS 13/18: Meldingar

OFS 14/18: Referat frå møte 10. januar 2018

OFS 15/18: Rekneskap 2017

OFS 16/18: Årsmelding 2017

OFS 17/18: Hytteutleige 2018, utleigeordningar og prisar

OFS 18/18: Reinsjakta 2018, søknadsprosess og prisar

OFS 19/18: Toalett Bjørnavassbu

OFS 20/18: Budsjett 2018

OFS 21/18: Drøftingssak: Større byggeprosjekt

OFS 22/18: Godtgjersle/påskjøning til dugnadsfolk

OFS 23/18: Kvoteforslag reinsjakta 2018

OFS 24/18: Orientering frå sekretær og leiar om aktuelle saker

OFS 25/18: Eventuelt

Eivind Tokheim/s/

John Helge Rasmussen/s/

Mariann Nordstoga Berge/s/

Bjørn Buer/s/

Ørjan Angell/s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad

OFS 13/18: Meldingar

Saksdokument:

2018.01.04-612.0.Hardangervidda Villreinutval-Fredingssoner 2013-2017
2018.01.10-012.0. Odda fjellstyre-Underskriven samarbeidsavtale 2018-2022
2018.01.12-011.3. FH as- Fakturering av fjelloppsynet sine kostnader til drift av Fellesstyret
2018.01.22-012.1.2.Odda fjellstyre-Møtebok 10. januar 2018
2018.01.31-612.0.Miljødirektoratet-Høyring-forslag om å oppheve hjorteviltforskrifta § 30
2018.01.31-145.3.Fjellstyresambandet-Støtte til rekrutteringstiltak 2017
2018.02.21-612.3.Hardangervidda villreinutval-Invitasjon til vårmøte
2018.02.21-612.1.Hardangervidda villreinutval-Høyring på forslag til villreinkvote for Hardangervidda hausten 2018

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Meldingane blei gått gjennom ved sekretær.

Vedtak (sak OFS 13/18):

Styret tek meldingane til orientering.

OFS 14/18: Referat frå møte 10. januar 2018

Saksdokument:

- 14-18 Møtebok frå møte i Odda fjellstyre 10. januar 2018

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Ingen merknadar til referat.

Vedtak (sak OFS 14/18):

Styret godkjenner referatet frå møtet 10. januar 2018.

Samrøystes vedteke.

OFS 15/18: Rekneskap 2017**Saksdokument:**

- 15-18 Resultat 2017
- 15-18 Balanse 2017

Saksutgreiing:

Fjellstyret har hatt inntekter på 398.452,-. Driftskostnadane var på 402.312,-. Med renteinntekter gir det eit underskot på 2.348,-. Det har vore nokså høge utgifter til inventar på hyttene, samt diverse mindre byggeprosjekt, til saman 75 058,-.

Rekneskapen er sendt til revisjon, men revisjonen er ikkje gjennomført enno. Rekneskapen må godkjennast med atterhald om godkjenning frå revisor.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Revisor var ferdig med revisjon før møtet. Det var gjort nokre mindre endringar i rekneskapen etter innspel frå revisor. Oppdatert rekn. eskap og revisors melding blei sendt ut til styremedlemmene før møtet. Etter dei siste endringane viser rekneskapen for 2017 ein omsetning på 378.452,- og driftskostnadar på 395.172,-. Medrekna renteinntekter gir det eit underskot på 15. 208,06,-.

Rekneskapen blei raskt gått gjennom på møtet. Det var ingen merknadar til rekneskapen.

Vedtak (sak OFS 15/18):

Styret godkjenner rekneskapen 2017.

Samrøystes vedteke.

OFS 16/18: Årsmelding 2017

Saksdokument:

- 16-18 Utkast årsmelding 2017

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Årsmeldinga blei raskt gått gjennom. Det var ingen merknadar til årsmeldinga.

Vedtak (sak OFS 16/18):

Styret godkjenner årsmeldinga for 2017.

Samrøystes vedteke.

OFS 17/18: Hytteutleige 2018, utleigeordningar og prisar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fjellstyret har hatt frist 1. april for å søke om leige av hyttene i sommarvekene, og 1. juni for leige i reinsjakta. Slik sakshandsamar vurderer det kan fjellstyret halda fram med den ordninga. Sakshandsamar foreslår fyljande ordning:

- Søknadsfrist for leige av hyttene i sommarvekene (30. juni til 18. august): 1. april
- Søknadsfrist for leige av hyttene i reinsjakta (18. august – 30. september): 1. juni
- Søknadar skal sendast inn på e-post til fjellstyret
- Det kan berre søkast for heile veker, frå laurdag til laurdag
- Kvar del av hyttene blir leigd ut samla (stor og liten del av Belebu, del sør og nord i Bjørnavassbu og heile delen som fjellstyret disponerer i Langavassbu)
- Når det er fleire som vil leige same periode går nye leigarar føre dei som leigde i fjor
- Etter søknadsfristen blir dei som er tildelt leige kontakta på e-post og sms, og får ein kort frist for å takka ja til leiga.
- Faktura blir sendt ut rett etter tildelinga. Dei som ikkje betalar fakturaen innan fristen mister retten til leiga.
- Avbestilling og refusjon av leige kun ved særskilte tilhøve som sjukdom og liknande.

- Når leiga er fordelt blir ledige periodar annonsert på nettsida og Facebook. Ledige periodar blir leigd ut fortløpande til dei som er interessert.

Framlegg til prisar for hytteleige i 2018:

Prisen i 2017 var 90,- pr. seng pr. døgn (dobbel pris for utanbygdsbuande). Sakshandsamar tilrår ei gradvis auke i prisane for å halda fylje med prisauken elles. Ullensvang fjellstyre hadde i 2017 120,- pr. seng pr. døgn for hyttene med høgast standard. Utleigeprisane i dei to fjellstyra kan med fordel vera like, då begge fjellstyra tilbyr hytter av god standard i det same området. Sakshandsamar tilrår difor at prisen for 2018 blir auka til 110,- pr. seng pr. døgn, med sikte på å over nokre år få lik pris som Ullensvang fjellstyre.

Prisar 2017	Prisar 2017		Framlegg prisar 2018	
	Pris pr. døgn pr. person*	Pris ved utleige av heile hytta*	Pris pr. døgn pr. person*	Pris ved utleige av heile hytta*
Langabassbu	90	360	110	440
Bjørnavassbu del nord	90	360	110	440
Bjørnavassbu del sør	90	360	110	440
Belebu stor del	90	360	110	440
Belebu liten del	90	180	110	220

*Dobbel pris for utanbygdsbuande

Framlegg til vedtak:

- Fjellstyret gir sekretær fullmakt til å utarbeide utleigeordning som nemnt i sakspapira.
- Fjellstyret vedtek framlegg til prisar for hytteleige i 2018 som nemnt i sakspapira.

Referat:

Pris:

Bjørn Buer kom med innspel om at det ikkje må bli for dyrt å leiga hyttene. Det gir ein dårleg signaleffekt dersom fjellstyret hevar prisane for mykje. John Helge Rasmussen støtta dette. Ørjan Angell sa seg samd i at det ikkje må bli for dyrt, men viste til at overnatting på fjellstyrehyttene er rimeleg, og at det fyrst og fremst er andre utgifter, som helikoptertransport, som er dyrt. Han poengterte at fjellstyret ikkje skal tene mykje på utleige, men må ha prisar høge nok til at leiga går i balanse med utgiftene til drift av hyttene (gass, ved, vedlikehald).

John Helge Rasmussen kom med framlegg om at prisen for leige blir sett til 100,- pr. seng pr. døgn.:

Styret stemte over forslaget til prisar i sakshandsaminga (110,- pr. seng pr. døgn) og forslaget frå John Helge Rasmussen (100,- pr. seng pr. døgn). Forslaget frå John Helge Rasmussen

(100,- pr. seng pr. døgn) fekk tre stemmer (John Helge Rasmussen, Ørjan Angell, Bjørn Buer) og blei vedteke.

Utleigeordning:

John Helge Rasmussen kom med innspel om at det må vera opning for å leiga enkeltsenger. Etter diskusjon blant styremedlemmene var det semje om at heile deler av hyttene blir leigd ut i sommarvekene, medan det blir leigd ut enkeltsenger i reinsjakta.

Avbestillingsordning blei diskutert. Eivind Tokheim kom med framlegg om at det bør vera mogleg å avbestilla og få refundert leiga i sommarvekene dersom andre frå ventelista overtek leiga i den perioden. Styret blei einige om at det blir gitt full refusjon ved avbestilling før 15. juni dersom andre frå ventelista overtek leiga i den perioden.

Ørjan Angell stilte spørsmålsteikn ved om det skal bli gitt refusjon ved «særskilte tilhøve som sjukdom og liknande». Styret var samd i at det ikkje blir gitt refusjon ved slike tilfelle, og viser elles til opning for refusjon fram til 15. juni dersom andre frå ventelista overtek leiga i den perioden.

Vedtak (sak OFS 17/18):

Styret vedtek fyljande prisar for leige av hyttene i 2018:

	Prisar 2018	
	Pris pr. døgn pr. person*	Pris ved utleige av heile hytta*
Langabassbu	100	400
Bjørnavassbu del nord	100	400
Bjørnavassbu del sør	100	400
Belebu stor del	100	400
Belebu liten del	100	200

*Dobbel pris for utanbygdsbuande

Vedtaket er gjort med tre (John Helge Rasmussen, Ørjan Angell, Bjørn Buer) mot to (Eivind Tokheim, Mariann Nordstoga Berge) stemmer.

Fjellstyret gir sekretær fullmakt til å utarbeide utleigeordning som nemnt i sakspapira, med fyljande endring:

- Det blir gitt full refusjon for leige i sommarvekene ved avbestilling før 15. juni dersom andre frå ventelista overtek leiga i den perioden. Det blir ikkje gitt refusjon ut over dette.

Samrøystes vedteke.

OFS 18/18: Reinsjakta 2018, søknadsprosess og prisar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Søknadsprosess

Fjellstyret har i fleire år hatt lappar på skytebanane til Odda skyttarlag og Tyssedal skyttarlag der jegerane skriv på namn og adresse. I tillegg har fleire sendt inn søknad på e-post. Sekretær tilrår at fjellstyret endrar søknadsprosessen frå og med i år. Det vil vera mykje enklare om alle søker via e-post eller eit skjema på nettsida. Søknadsfristen bør også flyttast til tidlegare på året, slik at sekretær kan gjera seg ferdig med tildelinga før sommarferien.

Sekretær tilrår fyljande søknadsprosess for reinsjakta 2018:

- Søknadar skal sendast inn på e-post til fjellstyret, eller via eit skjema på nettsida (avhengig av om leverandøren av nettsida kan tilby denne tenesta)
- Søknadsfrist blir sett til 2. mai (tilsvarande som dei fleste fjellstyra på Hardangervidda)
- Fjellstyret utfører trekking av reinskorta på møte tidleg i mai
- Trekkingslista blir publisert på nettsida og Facebook, og dei som er tildelt kort blir kontakta på e-post og sms. Dei som er tildelt kort får ein frist til å sette inn pengar for korta på fjellstyret sin konto. Dei som ikkje betalar innan fristen mister korta, og tilbodet går vidare til nestemann på varalista.

Prisar 2018

Dersom kvota for Hardangervidda i år blir 1500, med den fordelinga villreinutvalet tilrår, vil det tilsei om lag 52 kort på Odda fjellstyre sitt vald, med fordelinga 26 fritt dyr, 13 simple/ungdyr og 13 kalv. Ei naturleg inndeling i pakkar er fritt dyr i ei pakke og simple/ungdyr inkl. kalv i ei pakke.

Prisane for reinskort har stort sett vore uendra dei siste åra (sjå tabell under). Det er blant dei lågaste prisane hjå fjellstyra på Hardangervidda. Fjellstyret bør ha ei jamn auke i prisane frå år til år for å halde tritt med prisveksten elles. Sakshandsamar vurderer prisane i 2017 til å vere så låge at det kan forsvarast å gjera eit større hopp i år. Fjellstyret er avhengig av å auke inntektene sine for å ha sunn økonomi. Det er lagt opp til ein auke i prisane på 300,- for fritt dyr, og 600,- for simple/ungdyr og kalv. Etter at det blei lagt til ein kalv på kvart kort med simple/ungdyr for eit par år sidan gjekk fjellstyret sin pris for denne pakka ned. Det er difor naturleg å justere denne prisen noko meir enn prisen på fritt dyr.

Tabell 1. Prisar for reinskort dei siste åra, med framlegg til prisar for 2018. Prisane er pris til innanbygdsbuande, og ein legg til grunn at det er dobbel pris til utanbygdsbuande.

Prisar	2015	2016	2017	2018
Fritt dyr	1600	1600	1600	1900
S/u	1000			1200
S/u inkl. kalv		1200	1200	

Kalv	500			600
------	-----	--	--	-----

Prisramma for fellingsløyve på villrein er definert i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning § 13. Prisane som er foreslått her er ein god del lågare enn ramma, også med dobbel pris til utanbygdsbuande.

Framlegg til vedtak:

- Sekretær gjennomfører søknadsprosessen som skildra i saksframlegget.
- Fjellstyret vedtek fyljande prisar for reinskort i 2018:

	2018
Fritt dyr	1900,-
S/u	1200,-
Kalv	600,-

Dobbel pris for utanbygdsbuande.

Vedtaket vert gjort med heimel i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning § 13.

Referat:

Søknadsprosedyre:

John Helge Rasmussen kommenterte at så tidleg søknadsfrist vil føra til at mange av dei som ikkje blir tildelt kort ikkje vil gjennomføre dei obligatoriske prøveskota og oppskyting. Det er negativt at jegerane får mindre skytetrening, og det vil vera negativt for skyttarlaget dersom færre betalar medlemskap på grunn av dette. Eivind Tokheim og Ørjan Angell kommenterte at fjellstyret må gjera dei naudsynte endringane for å få rasjonell drift og få nytta seg av sekretærenestene, og at det då er naturleg å endre søknadsprosedyrane slik at det blir likt som dei andre fjellstyra på Hardangervidda. Styret slutta seg til dette.

Prisar:

Eivind Tokheim kommenterte at det er naturleg å ha same prisnivå som Ullensvang fjellstyre. Ørjan Angell, Mariann Nordstoga Berge og Bjørn Buer støtta dette.

John Helge Rasmussen kommenterte at prisframlegget for simle/ungdyr og kalv er ok, og kom med framlegg om at pris for fritt dyr blir 1800. Styret stemte for dette. Framlegget frå John Helge Rasmussen fekk ei stemme (John Helge Rasmussen) og fall, medan framlegget frå sekretær fekk fire stemmer (Eivind Tokheim, Mariann Nordstoga Berge, Ørjan Angell og Bjørn Buer) og blei vedteke.

Vedtak (sak OFS 18/18):

- Sekretær gjennomfører søknadsprosessen som skildra i saksframlegget. Samrøystes vedteke.

- Fjellstyret vedtek fyljande prisar for reinskort i 2018:

	2018
Fritt dyr	1900,-
S/u	1200,-
Kalv	600,-

Dobbel pris for utanbygdsbuande.

Vedtaket er gjort med fire (Eivind Tokheim, Ørjan Angell, Mariann Nordstoga Berge og Bjørn Buer) mot ei (John Helge Rasmussen) stemme.

Vedtaket vert gjort med heimel i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning § 13.

OFS 19/18: Toalett Bjørnavassbu

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Vakuumtoalett

John Helge Rasmussen har kome med innspel om ei løysing med vakuumtoalett av typen Jets Bio. Det er eit toalett der ein nyttar spylevatn. Toalett er i utgangspunktet meint å vere tilkobla eit 12v-anlegg. Det våte går til infiltrasjonsgrøft, eventuelt til ein tank med reinsing (gråvassreanseanlegg). Det faste havnar i ein biotank/komposteringstank etter å ha blitt oppmalt til små partiklar. Løysinga kan nyttast utan straum. Det våte føler tyngdekrafta og renn til grøft, det tørre hamnar i ein biosekk som ein legg i ein komposttank.

Viser elles til e-post frå John Helge Rasmussen om løysinga, som er sendt ut til styremedlemmene.

Sekretær vurderer dette til å vere eit system som er lite eigna til bruk i høgfjellet. I utgangspunktet er det eit system som er meint å vere tilkopla straum, noko som er fordyrande og ei vel «komplisert» løysing for ei hytte langt til fjells. Det vil og vere utfordringar med at røyrsystem frys om vinteren, men også i reinsjakta når hytta er mykje i bruk. Med atterhald om at det er tenkt på ein variant av løysinga som er enklare og meir tenleg til bruk på Bjørnavassbu, vil sekretæren ikkje tilrå denne løysinga.

Kostnad: Avhengig av kor omfattande løysing ein eventuelt vel er det truleg eit stort spenn i kva dette vil koste. I eit av dokumenta som er vedlagt e-posten frå John Helge Rasmussen er det nemnt ein pris på 21.500-30.000,-

«Kagge-løysing»

På førre styremøte blei det presentert ei løysing tilsvarande den som er på Raudåna, med ei kagge som må tømast med jamne mellomrom. På Raudåna er det bora hol i kaggen om lag 10 cm frå toppen slik at ein del av det våte renn utor før han blir full. Etter å ha vore rundt på fleire fjellstyrehytter no i vinter, og sett på kva som blir nytta av løysingar, vil sekretæren ikkje tilrå denne løysinga, men heller tilrå løysinga som er presentert under neste punkt.

Kostnad: Låg, truleg godt under 5.000,- i materialkostnadar.

«Tett» kasse med strekkmetallrist i botnen

Det desidert mest vanlege løysinga til bruk på hytter langt til fjells utan straum er ein «møkkakjellar» med tette veggar, der det våte renn ned i grunnen. Dette blir brukt på dei fleste fjellstyrehyttene på Hardangervidda, med gode erfaringar. Løysinga er basert på å lage ein tett kasse under dagens toalett, med veggar i vassfaste forskalingsplater. Platene blir fundamentert i grus. Om lag 10 cm over bakken blir det lagt ei strekkmetallrist. Poenget med dette er å få skilt av det våte slik at avfallet tørkar opp, samtidig som det blir enklare å spa det ut. Ut mot veggen blir det laga ei luke i plata som ein opnar for å spa ut. Denne løysinga er som nemnt det aller mest vanlege i høg fjellet, og har vist seg å fungere bra. Dersom ein har som rutine å spa ut tidleg på sommaren vil avfallet ha tørka inn, og jobben blir ikkje særleg ubehageleg. Det er plass til ein kasse på ca 70 x 75 cm under hytta - dette vil vera ein så stor kasse at ein ikkje treng å spa ut kvart år. I utgangspunktet tilrår sekretær at denne løysinga blir forsøkt utan å legge ned dreneringsrøyr. Dersom det viser seg at det blir eit problem med avrenning frå toalettet, kan ein seinare leggje dreneringsrøyr rundt på framsida av hytta. Det vil bli svært lite avrenning frå eit slikt toalett, og mest truleg vil ein ikkje leggje merke til dette utanfor hytta. Viss lukt blir eit problem, kan ein installere vifte i veggen på toalettet. Sekretær tilrår at ein i fyrste omgang prøver utan, og eventuelt installerer dette seinare dersom det er naudsynt.

Kostnad: Materialkostnadane vil vere låge, truleg godt under 5.000,-. Dersom det skal installerast vifte vil total kostnad kanskje kome opp mot 10.000,-.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret utbetrar dagens toalettordning basert på alternativet «tett» kasse med strekkmetallrist i botnen, som skildra i saksutgreiinga. Sekretær utfører arbeidet i lag med anna personell frå fjelloppsynet.

Referat:

John Helge Rasmussen kommenterte at vakuumtoalett er i bruk over heile landet, også i høg fjellet, men ser at det kan bli dyrt, og ein «kulturkollisjon» med eit slikt toalett på Bjørnavassbu. Han kommenterte vidare at framlegg til vedtak frå sekretær er ei ok løysing, men at det ikkje passar på plassen. Fuktig grunn og mykje vassig frå tak og terrenget rundt vil vera eit problem. Avsig frå do til vatnet nedanfor hytta er problematisk, sidan ein hentar vatn til matlaging der.

John Helge Rasmussen kom med framlegg om å arbeida mot å få løyve til å setta opp ein liten utedo på ein stad om lag 30 m frå hytta, med toalettløysinga som tilrådd frå sekretær.

Styret diskuterte behovet for lagerplass i eit eventuelt nybygg. Det blei vist til at det blir frigjort lagerplass i hytta viss do blir flytta til nybygg.

Det var semje i styret om å jobba vidare med søknadsprosessen for å få løyve til eit nybygg. John Helge Rasmussen tok på seg å jobba vidare med prosjektet fram mot neste fjellstyremøte. Han får utarbeida teikningar, plan for plassering med meir. Han høyrer med aktuelle ressurspersonar som kan bidra i dette arbeidet.

Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak OFS 19/18):

Fjellstyret jobbar vidare med søknadsprosessen for å få løyve til eit nybygg. John Helge Rasmussen tok på seg å jobba vidare med prosjektet fram mot neste fjellstyremøte. Han får utarbeida teikningar, plan for plassering med meir. Han høyrer med aktuelle ressurspersonar som kan bidra i dette arbeidet.

Samrøystes vedteke.

OFS 20/18: Budsjett 2018

Saksdokument:

- 20-18 Framlegg til budsjett 2018

Saksutgreiing:

Framlegg til budsjett er satt opp med eit underskot på 133.088,-. Med så låg reinskvote som det er lagt opp til (1500) er det svært utfordrande å få ei sunn økonomisk drift i fjellstyret. Fjellstyret må over tid gå med overskot. Reinskvota vil før eller seinare bli høgare, men det er svært viktig at fjellstyret legg opp til å ha eit prisnivå på hytteleige og reinskort som er høg nok, samtidig som at det blir fokusert på å halda kostnadane lågast mogleg.

Framlegg til budsjett blir gått gjennom på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Framlegg til budsjett blei gått gjennom. Styret gjorde nokre korringerar.

Vedtak (sak OFS 20/18):

Fjellstyret vedtek budsjettet med nokre endringar.

Samrøystes vedteke.

OFS 21/18: Drøftingssak: Større byggeprosjekt

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Den økonomiske situasjonen til fjellstyret tilseier at det er lite rom for større byggeprosjekt. Fjellstyret bør gjera ei vurdering av kva for nokre tiltak som skal gjennomførast dei neste åra. Det er ein fordel viss fjellstyret kan koma fram til ein plan for kva prosjekt som skal satsast på. Større byggeprosjekt krev som oftast søknad om løyve frå kommune og vernestyresmaktene. Søknadsarbeidet er tidkrevjande, og fjellstyret bør vera sikker på at prosjektet skal gjennomførast før det blir sendt inn søknad. Likeins er det ein fordel om fjellstyret har plan for kva prosjekt ein skal søkje om midlar til frå Grunneigarfondet, Sparebankstiftinga Hardanger osv.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Styret diskuterte aktuelle prosjekt og strategi for søknad om midlar. Aktuelle prosjekt er vedlikehald/renovering av naustet på Belebu, do på Bjørnavassbu og diverse opprusting av Bjørnavassbu. Det var semje om å senda inn ein søknad til Sparebankstiftinga Hardanger der alle prosjekta ligg til grunn.

Vedtak (sak OFS 21/18):

Styret ynskjer å jobba vidare med vedlikehald/renovering av naustet på Belebu, do på Bjørnavassbu og diverse opprusting av Bjørnavassbu. Sekretær utarbeidar søknad til Sparebankstiftinga Hardanger for søknadsrunde med frist 31. mars.

Samrøystes vedteke.

OFS 22/18: Godtgjersle/påskjønning til dugnadsfolk

Saksdokument:

Saksutgreiing:

På møte i mai 2017 blei det diskutert om fjellstyret burde visa takksemd ovanfor dei som har gjort ein særskild innsats for fjellstyret i dugnadsarbeid dei siste åra. Dette kan vera ei markering, ei gåve eller liknande. Det blei vedteke å ta dette opp som ei eiga sak på neste møte. I sak 10/18 på møtet 10. januar 2018 blei det bestemt å utsette saka til dette møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Eivind Tokheim kom med framlegg om at han inviterer dugnadsgjengen til hytta hans på middag i løpet av våren/sommaren. Ørjan Angell kom med framlegg om at fjellstyret leiger ein stad til dette arrangementet, til dømes Lontjørn. Mariann Nordstoga Berge kom med framlegg om at styret set dato for eit slikt arrangement på neste fjellstyremøte, og at styremedlemmene tenker gjennom eit opplegg fram mot det møtet. Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak OFS 22/18):

Styret set dato for ei markering for dugnadsfolk på neste fjellstyremøte. Styremedlemmene tenker gjennom eit opplegg fram mot møtet.

Samrøystes vedteke.

OFS 23/18: Kvoteforslag reinsjakta 2018

Saksdokument:

- 23-18 Høyring villreinkvote Hardangervidda 2018

Saksutgreiing:

Villreintvalet har kome med framlegg til ei kvote på 1500, fordelt på 50 % (750 stk.) frie dyr, 25 % (375 stk.) simle/ungdyr og 25 % (375 stk.) kalv. Dei ynskjer eigne kalvekort, ikkje kalv på SU-kortet som dei siste åra.

Sakshandsamar har ikkje merknadar til villreintvalet si utgreiing og viser vidare til denne.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Kvoteforslaget blei gått gjennom. Styret var samd i villreinutvalet si bestandsvurdering. Eivind Tokheim kom med framlegg om å foreslå ei kvote på 1100 fritt dyr, 200 simle-/ungdyr og 200 kalv. Styret slutta seg til dette. Styret var einige i at det ikkje er ok å jakte utan eit juridisk kontrollkort, og vil nytte seg av og respektere eit privatrettsleg kontrollkort utarbeida av villreinutvalet.

Vedtak (sak OFS 23/18):

Sekretær sender inn høyringssvar i tråd med referatet.

Samrøystes vedteke.

OFS 24/18: Orientering frå sekretær og leiar om aktuelle saker**Saksdokument:****Saksutgreiing:**

- Kontorstad i Odda
- Fjellstyrestruktur etter kommunesamanslåing
- Nytt frå dei andre fjellstyra på Hardangervidda
- Eventuelt anna

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær og leiar informerte om aktuelle saker.

Vedtak (sak OFS 24/18):

Styret tek orienteringa til etterretning.

OFS 25/18: Eventuelt

Mariann Nordstoga Berge tok opp at det er eit problem med mus på loftet på Belebu. Det er framleis lagra mykje som tilhøyrrer brukarar av hyttene på loftet. Fjellstyret har innført ordninga med oppbevaringskassar som einaste moglegheit for å lagar personlege eigedelar på hyttene, og det skal difor ikkje lagrast noko på loftet. Mariann Nordstoga Berge kom med framlegg om at alt som er lagra på loftet blir teke heim fyrstkommande helg. Dette blir det informert om på Facebooksida til fjellstyret. Styret slutta seg til dette.

Eivind Tokheim tek opp med Georg Gjøstein, dagleg leiar i Fjellstyra på Hardangervidda as, fjelloppsynet sin bruk av fjellstyrehyttene.